

---

**Saknr:** 2020/34711-1  
**Saksbehandlar** Karstein Oen/IHS  
**Dato:** 17.01.2020

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Administrativt innstrammingsprogram 2020 – 2024

### Bakgrunn

Fylkesrådmannen viser til vedtak om budsjett 2020/økonomiplan 2020 - 2023 i fylkestinget 17.12.2019 (PS 14/2019). Det vedtekte budsjettet omfattar eit eget administrativt innsparringsprogram for åra 2020 – 2024, der målet er å effektivisere den administrative drifta i fylkeskommunen med 20 prosent i løpet av perioden. Dette svarar til ei innsparring på om lag 100 mill. kr. Denne innsparringa kjem i tillegg til det identifiserte behovet for innsparringar i den tenesteytande verksemda på rundt 400 mill. kr i perioden.

Fylkesrådmannen vurderer ei slik innsparring som rimeleg og realistisk og prosessen er allereie i gang. I samband med budsjettet for 2020 vart det vedteke administrative innsparringar på rundt 45 mill. kr.

### Prosjektorganisering

Fylkesrådmannen har i første omgang peikt på 11 område som skal gåast gjennom for å kartlegge eventuelt potensiale for administrativ effektivisering og innsparring. Arbeidet vil bli organisert i form av eigne prosjektgrupper, der også representantar for dei hovudtillitsvalde vert inviterte til å vere med. Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi vil ha eit særskilt koordineringsansvar for arbeidet. Prosjektgruppene vil rapportere til ei styringsgruppe som består av fylkesrådmannen (leiar), fylkesdirektør for strategisk utvikling og digitalisering og fylkesdirektør for organisasjon og økonomi.

### Prosjektgrupper:

1. Oppdrag: Vurdere forventa naturleg avgang i kvar avdeling/sektor i perioden og utarbeide bemanningsplanar basert på gjennomgang av arbeidsoppgåver og –prosessar.

Ansvarlege for gjennomføring: Alle fylkesdirektørane. HR-direktør koordinerer arbeidet.

2. Oppdrag: Vurdere rutinar og tiltak for å styrke intern mobilitet blant tilsette.

Ansvarleg for gjennomføring: HR-direktør.

3. Oppdrag: Vurdere innretting av budsjett/løyvingsnivå for tydelegare spesifikasjon av midlar til kurs, reiser, møtekostnader mv i kvar avdeling/sector.

Ansvarleg for gjennomføring: Økonomisjef.

4. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial knytt til organisering og innretting av lokale innkjøpskoordinatorar i fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar.

Ansvarleg for gjennomføring: Innkjøpssjef.

5. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial ved å samle ansvaret for innkjøp innan større administrative fellesområde, t.d. kontormøblar, kontormaskinar og liknande i fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar.

Ansvarleg for gjennomføring: Innkjøpssjef/eigedomsdirektør.

6. Oppdrag: Vurdere standardisering av IT utstyr, sanering av system, potensial for reduserte lisenskostnader mv.

Ansvarleg for gjennomføring: Ikt-sjef.

7. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial innan området personaløkonomi, t.d. potensial for reduserte kostnader gjennom auka gjennomsnittsalder for uttak av alderspensjon, AFP og uførepensjon og reduksjon av sjukefråvær.

Ansvarleg for gjennomføring: HR-direktør.

8. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial ved å samle og digitalisere mottak for post-handsaming i fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar.

Ansvarlege for gjennomføring: Seksjonssjef politisk sekretariat.

9. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial ved å samle og digitalisere mottak for fakturahandsaming i fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar.

Ansvarlege for gjennomføring: Økonomisjef.

10. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial knytt til digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar.

Ansvarleg for gjennomføring: Seksjonssjef digitalisering.

11. Oppdrag: Vurdere innsparingspotensial innan organisering av drifts- og reinhaldstenester i fylkesadministrasjonen og ved ytre einingar.

Ansvarleg for gjennomføring: Eigedomsdirektør.

Fleire av prosjekta har ei grenseflate inn mot drift og administrasjon av dei vidaregåande skulane. Kostra-analysar viser at både Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har drive denne verksemda dyrare enn landsgjennomsnittet. Det vil bli sett i gang eit eige strategiarbeid knytt til innrettinga av drifta ved dei vidaregåande skulane. Det vil vere naturleg å sjå dette arbeidet i samanheng med tilrådingane frå utgreiingane over.

### **Vidareføring av stillingsstopp i fylkesadministrasjonen og for administrative stillingar ved ytre einingar**

Fylkesrådmannen vurderer at ein stor del av den administrative effektiviseringa vil kunne skje som følgje av naturleg avgang i administrative stillingar dei næraste åra. Ei oversikt viser at i fylkesadministrasjonen aleine vil rundt 90 tilsette gå av med alderspensjon i tida fram til 2025. Gjennom satsinga på digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar er det rimeleg å vente at ein god del av stillingane som vert vakante, ikkje treng erstattast. På denne bakgrunn vil fylkesrådmannen vidareføre innrettinga frå hausten 2019 med stillingsstopp i fylkesadministrasjonen (Bergen, Førde og Leikanger) og for administrative stillingar ved ytre einingar. Dette inneber at berre stillingar som vert vurderte som lovpålagde og/eller kritiske for å sikre ei forsvarleg drift av verksemda, vil bli erstatta/lyst ut. Ledige stillingar skal i størst mogleg grad søkast dekkja opp gjennom styrka intern mobilitet i organisasjonen. Alle stillingsutlysingar skal godkjennast av fylkesrådmannen.

### **Framdrift**

Fylkesrådmannen legg til grunn at tilrådingane frå dei ulike prosjektgruppene vil vere klare i løpet av første halvår 2020, slik at tiltak kan implementerast i budsjettgrunnlaget for 2021. Fylkesrådmannen legg vidare opp til årleg oppdatering av aktuelle utgreiingsområde knytt til det administrative innsparingsprogrammet i perioden 2020 - 2024.